

Lusangrep også i Uskedalselva før fiskestarten

15.06.2007



Arne Terje Haugland er klar for ein ny fiskesesong. Han har teke 2.500 fiskar i Uskedalselva – og alle på mark! (Foto: Kåre Vetrhus)

Natt til fredag var det fiskestart i Uskedalselva og vi er inne i ein spanande sesong av fleire grunnar. Ein grunn er ikkje spesielt hyggjeleg: Også i elva "vår" er det registrert angrep av lakselus. Fredag skreiv BT under overskrifta "Lusealarm i Hardangerfjorden" at oppdrettarane har mista kontrollen og at klimaendringane får lakselusa til å blomstre.

- I siste halvdel av mai såg eg både laks og aure med lusangrep ved brua i Uskedalen, seier storfiskar ogoppsynsmann Arne Terje Haugland til uskedalen.no.
 - Eg går ut fra at fiskane hadde flykta inn i ferskvatnet for å avlusa seg. Men i området bortover mot båthamnasåg eg endel fisk som var fin. Min konklusjon så langt er difor at situasjonen trass i alt ikkje er så ille. Fisken har hatt lus i alle år – meir eller mindre.
 - Kva er grunnen til lusangrepa etter din meining?
 - Når det blir lusangrep nå, går eg ut frå at det mest av alt skuldast temperaturendringane. Det er i hvert fall mittintrykk at dei som driv med oppdrett er seriøse og tek situasjonen på ålvor.
- Men det aukar faren for angrep når ein trenger saman så mykje fisk på eit begrensa område – det same opplever dei som driv med husdyr.

Kva kan ein så venta seg av årets fiskesesong i Uskedalselva, som er kjent for å vera ei av dei beste aureelvane i området men som i dei seinare åra også har vorte ei lakse-elv?

Til dømes vart det i fjor innrapportert ein fangst på 451 kilo fordelt på 335 kilo laks og 116 kilo aure. Det var ein halvering av kvantumet samanlikna med året før og grunnen til nedgangen var den turre sommaren. Haugland trur at lakseprosenten ville vore enda betydeleg høgare hvis det hadde vore meir nedbør.

Hvis denne sommaren blir meir nedbør-rik trur han at det blir oppgang av enda meir og større laks. I fjor haust vart det observert ein god del fisk på seks-sju kilo og det ser Haugland i samanheng med den gode yngelsesongen i 2002. Hvis det blir meir vatn i elva i år er det grunn til å venta oppgang av fiskar på 10 kilo – ja, kanskje enda større..

Også 2006 var ein god yngelsesong og resultatet av den vil vi få sjå om fire-fem år.

Fiskekortsalet er i gang og ein kan få kjøpt kort i SPAR, på bensinstasjonen og Rabben Camping. Prisane er dei same som i fjor, 700 kroner for årskort og 225 kroner for døgnkort. Men her er depositum på 200 og 100 kroner medrekna. Dette får ein att når kort med utfylt fangstrappert er levert inn til staden der ein kjøpte kortet eller sender det til elveigarlaget ved Kåre Vetrhus. Ordningen med depositum verkar slik den er tiltenkt. Truleg blir no omkring 90 prosent av fangstane innrapportert.

Elveigarlaget presiserer at fiskekortet er gyldig berre hvis det også er betalt fisketrygdavgift og at begge korta skal synast fram ved kontroll. Kontroll kan føretas av kontrollørar og alle med gyldig fiskekort. Gebyr for manglande kort er 1.000 kroner. Ein plass er det framleis ikkje lovleg å fiska, og det er i Dønhaughølen.

Av Ola Matti Mathisen